

# Stad skipstunnel

## Statusrapport frå Stad kommune

– samarbeidspart og vertskommune



Mulficonsult | LINK Arkitektur

Stad  
SKIPSTUNNELL / DEN NYE LØDOLSEN


KYSTVERKET



Stad  
kommune

## Innhald

Samandrag.....	3
1 Bakgrunn.....	4
2 Kort planhistorikk .....	4
3 Organisering og ressursbruk.....	5
3.1 Administrativ tilrettelegging av prosjektet .....	5
3.2 Regionalt samarbeid og utviklingsarbeid .....	5
3.2.1 Regionalt ringverknadsprosjekt.....	5
3.2.2 Lokal moglegheitsstudie for områdeutvikling .....	6
4 Planarbeid og massehandtering.....	7
4.1 Generelt om planarbeid og massehandtering .....	7
4.2 Detaljreguleringsplanar i Stad .....	8
5 Omtale av større prosjekt.....	9
6 Oversikt over aktuelle finansieringsvedtak .....	11
7 Avsluttande kommentar.....	14



## Samandrag

Stad kommune er vertskommune for prosjektet Stad skipstunnel, og er ein formell avtale- og samarbeidspart for Kystverket i prosjektet. I dette dokumentet synleggjere ein korleis Stad kommune som vertskommune samarbeider med Kystverket, og legg til rette for størst mogleg verdiskaping av skipstunnelen. I tillegg peikar vi på nokre av dei konsekvensane som usikkerheita rundt prosjektet får for både innbyggjarane og næringsliv.

Hovudmålet for Stad skipstunnel er å sikre ein tryggare seglas og meir føreseieleg regularitet for skipstrafikken forbi Stad. Men Stad skipstunnel gir også fleire moglegheiter, og Kystverket, Stad kommune og næringslivet har dei siste åra arbeidd kontinuerleg og målretta for å nå fleire nasjonale samfunns mål som følgje av prosjektgjennomføringa.

Gjennom det regionale ringverknadsprosjektet har aktørar i både Vestland og Møre og Romsdal identifisert moglegheiter og barrierar for å binde Vestlandet saman gjennom ei ny og trygg skipslei for næring, offentleg transport og reiseliv langs kysten. Og med det også løfte opp Stad skipstunnel som reiselivsikon, som posisjonerer Noreg og Vestlandet for norsk og internasjonal turisme.

Lokalt har Kystverket og Stad kommune samarbeidd om utvikling av områda rundt tunnelportalane i Kjøde og i Moldefjorden. I dette arbeidet legg ein vekt på å finne løysingar for ei berekraftig massehandtering som tener både prosjektet og området på lang sikt. Totalt har Stad kommune og Kystverket samarbeidd om utvikling av fire område. I Moldefjorden har ein samarbeidd om å utvikle områda rundt tunnelportalen til eit attraktivt område for reiselivsbasert næringsverksemd. Like ved, på Lesto, skal Kystverket sitt deponi- og riggområde overtakast av kommunen og vidareutviklast som næringsområde. I Kjøde skal deponi- og riggområdet ved tunnelen også vidareutviklast av kommunen til næring, både på land og ved sjø. Som ein konsekvens av Stad skipstunnel, arbeider no også Stad kommune med tilrettelegging av ny stor utbygging av nødvendig infrastruktur, her under planlegging av nytt vassverk.

Utgangspunktet er at overskotsmasser skal bli sett på som ein ressurs som har ein verdi som kan bli gjenbrukt, framfor å bli behandla som avfall – i tråd med prinsippa i ein sirkulær økonomi og i tråd med Norge og EØS-avtalens mål om 80 % sirkulærøkonomi på råstoff innan 2030. I Stad har ein no totalt eit større tal detaljreguleringsplanar som mogleggjer mottak av massar frå skipstunnelen. I tillegg har ein i nabokommunane Kinn og Vanylven også detaljregulerte område for mottak av massar.

Overføring av alle typar gods frå veg til sjø vil det i stor grad bidra til å redusere utslepp, køar, ulykker og vegslitasje. Prosjektomtalen i denne rapporten synleggjer eit sterkt behov for utvida kaikapasitet i området, og bedriftene står klare til godsoverføring så snart tilhøva ligg til rette for det.

Overskotsmassane frå skipstunnelen vil mogleggjere utviding av næringsområda og etablering av nye kaier.

Konsekvensane av at endeleg avgjersle om bygginga av Stad skipstunnel enno ikkje er teken, gir negative ringverknadar for Stad som samfunn, næringsliv og kommune. Løyvinga av nasjonale budsjettmidlar i 2020 har utløyst ein rekke samarbeidsprosjekt mellom kommunen og Kystverket, der alle er sett i verk. Manglande avgjersle om bygging av tunnelen og tilgang på massar hindrar elles framdrift og tilgang på kapital og investorar for utvikling både for dei offentlege og dei private prosjekta.

## 1 Bakgrunn

Stad skipstunnel skal realiserast i Stad kommune. Kystverket er byggherre for prosjektet, medan Stad kommune som vertskommune skal ta i vare oppgåver knytt til rollene som; tenesteytar, forvaltar, demokratisk arena og samfunnsutviklar.

Stad kommune og Kystverket har gjennom ein eigen samarbeidsavtale forplikta seg til å samarbeide om og sikre framdrifta til Stad skipstunnel. Det er også eit overordna mål at ein skal legge til rette for størst mogleg verdiskaping og synergjar av prosjektet, både i anleggsfasen og etter at prosjektet er opna.

Stad kommune har merka seg at det i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2023 vart stilt følgjande spørsmål, jf. spørsmål 12 frå Finanskomiteen/Vs fraksjon av 19.5.2023:

*«Hvor store kostnader har berørte kommuner og næringsliv i disse kommunene p.t hatt på forberedende arbeid til bygging av Stad Skipstunnel inn mot byggestart (reguleringsarbeid, forberedende arbeid til å ta imot tunnelmasser etc)?»*

Nærings- og fiskeridepartementet gav følgjande svar:

*«Nærings- og fiskeridepartementet er kjent med at Stad, Vanylven og Kinn kommuner har brukt ressurser på reguleringsplanarbeid med tanke på bruk av overskuddsmasser fra prosjektet Stad skipstunnel. Vi har ikke oversikt over hvor stor ressursbruk som har påløpt for disse kommunene eller eventuelle andre aktører i tilknytning til prosjektet.»*

Dette dokumentet har som føremål å synleggjere korleis Stad kommune som vertskommune samarbeider med Kystverket, og elles legg til rette for størst mogleg verdiskaping av prosjektet. Dokumentet tek for seg den kommunale ressursbruken på eit overordna nivå, og er ikkje uttømande.

## 2 Kort planhistorikk

Ideen bak Stad skipstunnel går langt tilbake i tid, og tidlegare Selje kommune (no ein del av Stad kommune) har arbeidd og støtta opp under prosjektet på fleire måtar.

I nyare tid, i 2004, vart reguleringsplan Stad skipstunnel godkjent av Selje kommune. I 2017 vart denne reguleringsplanen erstatta av ein områdeplan for Stad skipstunnel, og sluttrapport for forprosjektet vart overlevert Samferdsledepartementet.

I samband med oppstart av områdeplanarbeidet i 2015, gjekk Kystverket ut og oppmoda næringsliv og kommunane Selje (no Stad), Vanylven og Måløy (no Kinn) om setje i gang å regulere område for mottak av massar frå skipstunnelen. Kystverket signaliserte då at overskotsmassane frå skipstunnelen ville bli tildelt prosjekt med eit samfunnsnyttig formål. På denne bakgrunn, utarbeidde Selje kommune ein ny overordna arealplan, som kunne danne grunnlaget for nye offentlege og private detaljreguleringsplanar.


I 2022 vart ein ny arealplan for sjøområda i Stad godkjent. Arealplanen vart utarbeidd med det føremål å leggje til rette for utviklingsprosjekt av offentleg og privat karakter gjennom mottak av massar frå Stad skipstunnel.

## 3 Organisering og ressursbruk

### 3.1 Administrativ tilrettelegging av prosjektet

Stad kommune sitt arbeid opp i mot Stad skipstunnel involverer fleire einingar i administrasjonen. Stad kommune sitt arbeid og samarbeid i prosjektet går over lang tid og krev kontinuerleg administrativ oppfølging. Stad kommune har av den grunn sett av 2 administrative årsverk for koordinering og oppfølging av det nasjonale prosjektet og dei lokalt utløyste prosjektet. I tillegg kjem anna ressursbruk frå plan- og forvaltning, eigedom, kommunalteknikk, brann- og beredskap, stab , kommunedirektør-nivået og Stad Eigedomsutvikling KF. Dette er arbeid som ikkje er gebyrbelagt. Utover dette kjem arbeid på politisk nivå.

Ei enkel skisse over dagens organisering av Stad kommune sitt arbeid opp mot Stad skipstunnel ser slik ut:



### 3.2 Regionalt samarbeid og utviklingsarbeid

#### 3.2.1 Regionalt ringverknadsprosjekt

Stad kommune er saman med nabokommunane Vanylven og Kinn initiativtakar til eit program som bidreg til positive ringverknadar for Vestlandet samla sett, og for regionen.

Arbeidet byggjer på ein forstudierapport som peikar på at:

- Stad skipstunnel vil bidra til trygge seilas, binde Vestlandskysten saman og vri gods- og passasjertrafikk frå land til sjø, og med dette redusere klimaavtrykket.
- Stad skipstunnel kan bli eit reiselivsikon som posisjonerer Noreg og Vestlandet for norsk og internasjonal turisme.
- Stad skipstunnel inneber moglegheiter for ny samfunns- og næringsutvikling:



- Havrommet
- Reiseliv og lokalsamfunn
- Bygg og anlegg
- Handel og service

Forprosjektrapporten danna grunnlaget for ein invitasjon til eit større regionalt prosjektsamarbeid, og til ein søknad om prosjektfinansiering. Følgjande aktørar bidreg med ressursar inn i det regionale ringverknadsprosjektet:

- Agenda Vestlandet (tilskot kr 750 000)
- Sparebanken Møre (tilskot kr 400 000)
- Møre og Romsdal fylkeskommune (tilskot inntil kr 500 000 og deltaking i styringsgruppe)
- Vestland fylkeskommune (tilskot kr 750 000 og deltaking i styringsgruppe)
- Stad kommune (tilskot og adm. og politisk ressursinnsats)
- Vanylven kommune (tilskot og adm. og politisk ressursinnsats)
- Kinn kommune (tilskot og adm. og politisk ressursinnsats)

Vekstselskapa Stad Vekst, Måløy Vekst og Vanylven utvikling fekk i oppdrag å arbeide vidare ut i frå forstudien og ringverknadsprosjektet, og har dei siste månadane sett på kva verdiskaping Stad Skipstunnel kan medføre gjennom auka reisemåls-, lokalsamfunn- og næringsutvikling, samt kva effektive transportaksar og auka mobilitet for innbyggjarar, næringsliv og reiseliv kan ha av betydning for ein større region langs vestlandskysten.

I ringverknadsprosjektet har ein særleg hatt fokus på to områder;

1. Marin og maritim næring sjøvegen og på land
2. Reiselivsutvikling på kysten i nær tilknytning til sjø

[Sluttrapporten](#) frå vekstselskapa vart lansert i august 2023.

### 3.2.2 Lokal [moglegheitsstudie](#) for områdeutvikling

Stad skipstunnel skal etablerast innerst på Stadlandet ved fjordbotn og velhaldne tradisjonsbunde og stadtilknytte kulturmiljø. Området ved Mannseidet og kongevegen, er ein av dei eldste opparbeidde (hovud)vegane på Vestlandet. Området er rikt på kulturminne frå både eldre og nyare tid, og har ei samansetting av nasjonalt sjeldne landskapstypar og veldefinerte landskapsformasjonar.

Kystverket legg gjennom arbeidet med detaljregulering og designmanual til rette for at prosjektet kan utvikle seg med gode arkitektoniske kvalitetar som tilpassar og underordnar seg området. Ved etableringa av skipstunnelen vil det likevel oppstå ein ny stadidentitet i Moldefjorden og i Kjøde, og reisemønsteret i området blir endra og ein vil oppleve vesentleg auka aktivitet både på land og til sjøs. For Stad kommune som vertskommune ligg det då eit ansvar for å legge til rette for at skipstunnelen og området rundt får meirverdi for lokalbefolkninga og besøkande gjennom eit godt tilrettelagt område for rekreasjon og aktivitet.

Å legge til rette for ei heilskapleg utvikling av eit større og lite utvikla område er krevjande, og vil ta tid. Som ein start på dette arbeidet fekk Stad kommune i 2022 utarbeidd ein moglegheitsstudie av Nordplan. Moglegheitsstudien syner ein mogleg masterplan for utvikling av infrastruktur og tiltak som kan bidra til å binde saman ein større akse rundt Stad skipstunnel.



## 4 Planarbeid og massehandtering

### 4.1 Generelt om planarbeid og massehandtering

Stad med nabokommunar, og privat næringsliv, har gjennom år blitt oppmoda om å detaljregulere for tiltak som kan ta i mot massar frå Stad skipstunnel. Det er som følgje av det sett i verk og gjennomført eit større tal offentlege og private planprosessar. Oversikta under pkt. 4.1 syner dei vedtekne planane ~~nyaste planprosessane~~ som har som hovud- eller delmål å legge til rette for Stad skipstunnel, her under også mottak av massar og etablering av riggområde.

Det er venta at etableringa av Stad skipstunnel vil generere eit uttak av fast fjell på ca. 3 millionar m<sup>3</sup>, noko som svarar til ca. 5,4 millionar m<sup>3</sup> med sprengt fjell. Det er lagt opp til konvensjonell sprenging med tunnelboregigg og pallerigg.

Utgangspunktet er at overskotsmasser skal bli sett på som ein ressurs som har ein verdi som kan bli gjenbrukt, framfor å bli behandla som avfall – i tråd med prinsippa i ein sirkulær økonomi og i tråd med Norge og EØS-avtalens mål om 80 % sirkulærøkonomi på råstoff innan 2030. Det er både frå Kystverket og kommunane Stad, Vanylven og Kinn difor uttrykt ei tydeleg forventning til at overskotsmassen frå tunnelen skal få ei lokalt betre samfunnsnyttig bruk enn referansealternativet som er sjødeponi i Moldefjorden.

Stad kommune har gjennom arealplanprosessen fylgd det nasjonale tverrsektorielle prosjektet om disponering av jord og stein, starta opp med det føremål å få til betre disponering av overskotsmassar, jf. mellom anna sluttrapport M-2074 frå 2021. Stad kommune har elles eit godt samarbeid med Bærum ressursbank i det pågåande arbeidet med massehandtering, og har som vertskommune sett det som nødvendig å setje av både tid og ressursar til kompetanseheving i form av synfaring og studieturar til referanseprosjekt.

## 4.2 Detaljreguleringsplanar i Stad

Oversikta under pkt. 4.1 syner dei nyaste planprosessane som har som hovud å legge til rette for Stad skipstunnel. Alle planar som er styrande for prosjektet Stad skipstunnel fins òg lett tilgjengeleg på heimsida til Stad kommune [her](#).

Plannamn	Føremål	Status	Planeigar/Anna omtale
<b>Detaljregulering for Stad skipstunnel</b>	Ny detaljregulering for skipstunnel med entringsområda	Planen er vedteken.	Prosjekteigar Kystverket. Stad kommune er avtale- og samarbeidspart.
<b>Detaljregulering for næringsområde i Kjøde</b>	Rigg- og deponi for skipstunnel. Etterbruk næring.	Planen er vedteken.	Samarbeidsprosjekt mellom Kystverket og Stad kommune.
<b>Detaljregulering for næringsområde i Lesto</b>	Rigg- og deponi for Stad skipstunnel. Etterbruk næring.	Planen er vedteken.	Samarbeidsprosjekt mellom Kystverket og Stad kommune.
<b>Detaljregulering for Moldestad og Pelagia</b>	Detaljregulering for utviding av næringsområde.	Planen er vedteken.	Både offentleg og privat prosjekt. Prosjektet legg til rette for mottak av massar.
<b>Detaljregulering for Skottneset feriesenter.</b>	Detaljregulering for vidare utvikling av feriesenter og mogleg bustadrigg for bygging av tunnel.	Planen er vedteken.	Privat prosjekt. Legg til rette for bruk av overskotsmassar frå skipstunnel.
<b>Detaljregulering for Stad molo</b>	Detaljregulering for hamnebasseng, moloar, kaianlegg inkl. fiskerikai og næring.	Plan til revidering etter høyring.	Stad Molo AS er prosjekteigar. Prosjektet er avhengig av massar frå Stad skipstunnel.
<b>Detaljregulering for Saltasundet</b>	Mudring av skipsleia i samband med Stad skipstunnel	Planen er vedteken.	Del av prosjektet Stad skipstunnel.
<b>Kommunedelplan for sjøareal 2022 - 2032</b>	Legg til rette for detaljregulering av næringsområde i sjø og mottak av massar.	Planen er vedteken.	Stad har gjennomført nødvendige undersøkingar og kartleggingar i sjø og på land for alle aktuelle område



## 5 Omtale av større prosjekt

I dette kapittelet vil Stad kommune gjere nærare greie for dei større prosjekta som Stad kommune er involvert i, anten i samarbeid med Kystverket eller gjennom andre samarbeidspartar. Lista er ikkje uttømande og tek ikkje for seg dei reine private tiltaka.

### MOLDEFJORDEN – entringsområde

#### Prosjektet

Kystverket er prosjekteigar.  
Stad kommune er samarbeidspart.

#### Føremål

Stad skipstunnel blir planlagt med det føremål å skape ein trygg og føreseieleg sjøveg. Samtidig får Noreg ein ny og unik destinasjon. Området i Moldefjorden er under detaljregulering for utvikling av området til reiseliv/turisme/mjuk næring

Kystverket ønskjer at Stad kommune tek over drift og vedlikehald av entringsområdet i Moldefjorden.


Stad kommune deltek i arbeidet med detaljregulering, etablering av designmanual og VA-rammeplan for området. Kommunen har gjennomført ein forstudie for destinasjonsutvikling av området, roller og eigarskap. Forstudien er gjennomført av PWC og sluttrapport ligg føre.

#### Kommunalt bidrag

Stad kommune bidreg inn med faste administrative ressursar i prosjektet. Stad kommune finansierer arbeidet som gjeld eigarskap og vidare destinasjonsutvikling. Dette inneber m.a. kjøp av juridiske tenester.



Moldefjorden nord - Fase 2



### LESTO

#### Prosjektet

Kystverket er prosjekteigar.  
Stad kommune er samarbeidspart.

#### Føremål

Lesto ligg nær tunnelområdet og det er optimalt for tunnelprosjektet å nytte Lesto som deponi- og riggområde under utbygginga av Stad skipstunnel.

Detaljregulering for Lesto næringsområde skal leggje til rette for utvikling av eit næringsområde ved bruk av massar frå Stad skipstunnel. Dette femnar også nødvendig rasvoll. Prosjektet kan ikkje realiserast utan massar for utfylling.

Kystverket og Stad kommune har inngått ein samarbeidsavtale om utviklinga av Lesto. Stad kommune skal overta området når skipstunnelen står ferdig.

#### Kommunalt bidrag

Stad kommune bidreg inn i prosjektet med faste administrative ressursar. Ei utvikling som skissert føreset utbygging av ny kommunal infrastruktur som m.a. nytt offentleg vassverk.

Stad kommunestyre har løyvd kr 500 000 til juridisk kontraktsrådgjeving og vidare arbeid for forretningsmodell for utvikling av sal av Lesto næringsområde inkl. vidare investeringsbehov.



Kjelde: Multiconsult



Kjelde: Multiconsult



## KJØDE - NÆRINGSOMRÅDE

### Prosjektet

Kystverket er prosjekteigar.  
Stad kommune er samarbeidspart.

### Føremål

Området ligg nær påhogget til tunellen og eignar seg godt til riggområde og lagring av stein byggeperioden. Etter byggetida vil ein sitje igjen med eit attraktivt næringsareal både på lang og ved sjø.

Det er etablert ein formell samarbeidsavtale mellom Kystverket og Stad kommune om utvikling av området.

Kystverket ønskjer at Stad kommune tek over eigarskap og utviklinga av området etter anleggssperioden. Stad kommune deltek i arbeidet med detaljregulering, utvikling av infrastruktur og tilrettelegging for næring inkl. grunneigardialog.

### Kommunal finansiering

Stad kommunestyre har godkjent ei førebels kostnadsramme på kr 5 mill. til utvikling av kommunalt næringsområde.

Stad kommune bidreg med administrative ressursar inn i prosjektet inkl. tilrettelegging av infrastruktur.



## BERSTAD VASSVERK

### Prosjektet


Stad kommune er prosjekteigar.

### Føremål

Med bakgrunn arbeidet med Stad skipstunnel, har Stad kommune sett i gang arbeid med å etablere ny vasskjelede med utgangspunkt i Berstadvatnet.

Det er behov for meir vatn enn det eksisterande vassverk i Selje har kapasitet til for å betjene ny infrastruktur og nye utbyggingsområde i Moldefjorden og Kjøde.

NVE handsamar no søknad frå Stad kommune om konsesjon for tiltaket.



### Kommunal finansiering

Berstad vassverk ikkje prioritert på nivå 1 for snarleg utbygging i kommunal regi, og er såleis utløyst av Stad skipstunnel.

For å unngå å redusere kommunen si investeringsramme for kritiske helse- og miljøtiltak på VAR-området, har Stad kommunestyre løyvd ekstraordinære midlar på kr 1 mill. til gjennomføring av forprosjektet frå kommunen sitt investeringsfond.

Vestland fylkeskommune har sett krav om umiddelbare arkeologiske utgravingar, med ein kostnadsramme på over 1 mill. Utgravinga er finansiert av Stad kommune og no slutført med fleire funn.



## STAD MOLO

### Prosjektet

Stad Molo AS er prosjekteigar.

### Føremål

Ved Stad skipstunnel får Noreg også ei ny skipslei. Dette krev utvikling av ny infrastruktur for både småbåtrafikk, offentleg transport og næringsverksemd.

På Stadlandet detaljregulerer ein ei større indre hamn og molo for utvikling av eksisterande næringsområde og etablering av ny fiskerikai til m.a. Ervik Havfiske – eit av Noregs leiande og største linereiarlag.

Prosjektet legg til rette for auka offentleg og privat transport langs sjø, og ei auka overføring av gods frå veg til sjø i eit område der dårleg utbygd vegnett hindrar effektiv og framtidsette næringsutvikling.

Prosjektet er avhengig av massar frå Stad skipstunnel.

### Finansiering

Stad kommune har fått avsett arealet i overordna arealplan og gjennomført grunnundersøkingar i sjø. Stad Molo AS står for detaljregulering og utvikling av området.

Stad kommunestyre har gjort vedtak om å gå inn med 3 mill. i aksjekapital i prosjektet, og finansierer arbeidet med tilskotsmidlar til Kystverket for ny fiskerikai, og i tillegg vedteke å bidra med 1 mill. til arbeidet med slutføring av detaljregulering.



Kjelde: Stad Molo AS



Kjelde: Stad Molo AS

## 6 Oversikt over aktuelle finansieringsvedtak

Stad kommunestyre har gjort ein rekke vedtak knytt til samarbeidsprosjekt med Kystverket i samband med Stad skipstunnel. Kommunestyret har også sett i verk eigne tiltak for å legge til rette for mest mogleg verdiskaping og heilskapleg utvikling i samband med tunnelprosjektet. Vedtak knytt til dei største tiltaka går fram av tabellen under her.

Prosjekt	Vedtak
<b>Moldestad – Pelagia</b>	<b>KS-22/044 Vedtak</b> Stad kommunestyre godkjenner ei førebels kostnadsramme på kr 17,0 mill. til prosjektet for næringsområde på Moldestad. Finansiering av prosjektet vert gjort med låneopptak på kr 2,0 mill. i 2022. Resterande finansiering vert teke inn ved rullering av økonomiplan for 2023-2026.  Stad kommunestyre ber om at Stad Eigedomsutvikling KF overtek saka, med sikte på ein snarleg oppstart av eit forprosjekt på Moldestad der detaljane for nytt kommunalt næringsområde vert klarlagde. Som ein del av dette oppdraget inngår oppstart av arbeidet med detaljreguleringsplan og prosjektering.
<b>Lesto</b>	<b>KS-22/044 Vedtak</b> 1. Stad kommunestyre ønskjer å kome Kystverket i møte når det gjeld skissert behov for eit rigg- og deponiområde i Lesto. På denne bakgrunn gir Stad kommunestyre gir administrasjonen i oppdrag å snarast råd arbeide fram eit utkast til avtale som viser på kva måte kommunen og Kystverket kan samarbeide om å utvikle eit offentleg område i Lesto i samband med etableringa av Stad skipstunnel. Stad kommunestyre føreset at Kystverket sitt bidrag blir av eit slikt

	<p>omfang og ein slik karakter at prosjektrisikoen for kommunen blir vesentleg redusert i høve til dagens skisseprosjekt for Lesto.</p> <p>2. Stad kommunestyre løyver ei økonomisk ramme på inntil kr 500 000 til arbeidet som skissert under punkt 1. Midlane vert løyvd frå Stad kommune sitt disposisjonsfond.</p>
<b>Kjøde</b>	<p><b>KS22/042. Vedtak</b></p> <p>1. Stad kommunestyre godkjenner ei kostnadsramme i prosjektet på kr 5,0 mill.</p> <p>2. Stad kommunestyre godkjenner at Stad Egedomsutvikling KF går i forhandling om ein intensjonsavtale om kjøp av areal til formål anleggsdrift og tilrettelagt for etterbruk til næring.</p> <p>3. Stad Kommunestyre godkjenner at Stad Egedomsutvikling KF startar opp nødvendige planarbeid på tiltak i anleggsdrift tilrettelagt for etterbruk til næring.</p> <p>4. Finansiering av prosjektet vert gjort med låneopptak på kr 2,0 mill. i 2022 og låneopptak kr 3,0 mill. i 2025.</p>
<b>Moldefjorden - entringsområde</b>	<p><b>KS-22/016 Vedtak</b></p> <p>A) Stad kommunestyre tek moglegheitsstudien knytt til vitande.</p> <p>B) Stad kommunestyre ber om at Stad Egedomsutvikling KF overtek saka, med sikte på å få snarleg gjennomført ein forstudie i samarbeid med Kystverket, der utviklingspotensialet for området og rammene for detaljregulering og utbygging i regi av Kystverket vert avklart</p>
<b>Stad skipstunnel – lokal tilrettelegging del 2</b>	<p><b>KS- 22/137 Vedtak</b></p> <p>1. Stad kommunestyre vedtek å løyve kr 3 mill. frå kommunen sitt disposisjonsfond for førebuing og gjennomføring av prosjekt og tiltak knytt til Stad skipstunnel som må starte i 2023, og som ikkje kan finansierast over investeringsbudsjettet.</p> <p>2. Administrasjonen får mynde til å fordele den økonomiske ramma ut på dei utvalde prosjekta/tiltaka, som m.a. femner:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Starte arbeidet med ein hamnestrategi for Stad kommune, inkl. tilråding om konseptutvikling av nye og eksisterande hamner</li> <li>• Vidareføre arbeidet med moglegheitsstudien for Moldefjorden/Kjøde og starte arbeidet med stadutviklingstiltak og løfte fram kulturarven</li> <li>• Gjennomføre forprosjekt for kommersiell utvikling og drift av tunnelportalområdet ved Moldefjorden</li> <li>• Vidareføre arbeidet med ein informasjonspakke og presentasjon av Stad som vertskommune.</li> <li>• Nødvendig bistand til juridisk rådgjeving og anna rådgjeving for å kunne ta i vare Stad kommune sine interesse</li> </ul>
<b>Stad skipstunnel – lokal tilrettelegging del 1</b>	<p><b>KS-21/015 Vedtak:</b></p> <p>1.Stad kommunestyre sluttar seg til utarbeidd skisse til mogleg organisering av Stad kommune sitt arbeid knytt til Stad Skipstunnel. Kommunestyret gir kommunedirektøren i oppdrag å arbeide vidare med organisasjonsmodellen og starte førebuingane av prosjekt og tiltak som må starte i 2021 for å kunne nå dei overordna måla med prosjektet.</p>

	<p>2.Ny sak om oppfølging av programorganiseringa av samfunnsutviklings-prosjektet skal leggst fram i kommunestyremøtet 25. mars 2021.</p> <p>3.Stad kommunestyre løyver kr 3 mill. frå kommunen sitt disposisjonsfond for førebuing og gjennomføring av prosjekt og tiltaks om må starte i 2021, og som ikkje kan finansierast over investeringsbudsjettet. Behovet for ytterlegare finansiering må ein ta stilling til i årsbudsjettet for 2022.</p> <p>4.Utvalet legg til grunn at Stad kommunestyre si sak KS-20/201 punkt 9 verbalframlegg bokstav k, om at "Det er ønskjeleg å...arbeide for å få statleg medfinansiering av det samla arbeidet med å skape størst mogleg ringverknader og verdiskaping knytt til Stad skipstunnel", blir følgt opp.</p> <p>5.Kommunestyret ber Kommunedirektøren snarast starte arbeid med forprosjekt for fleirbrukshamn/kai Leikanger med bruk av tunnelmasser, og forprosjekt for deponiområde på begge sider av tunnelopninga. Kommunestyret ber om ei orientering over framdrift av forprosjektet i neste kommunestyremøte 25 mars.</p>
<p><b>Stad Molo AS - Finansieringsplan</b></p>	<p><b>KS- 22/138 Vedtak</b></p> <p>1. Stad kommune har ein intensjon om å gå inn med inntil kr 3 mill. i aksjekapital i Stad Molo AS. Midlane vert finansiert frå kommunen sitt ubunde investeringsfond.</p> <p>2. Stad kommune sitt primære føremål med eigarskapen er å vere ein katalysator for nærings- og hamneutvikling, og Stad kommune skal ikkje vere ein sentral aktør i Stad Molo si forretningsutvikling. Seinare fastsett beløp på innskoten aksjekapital skal spegle dette føremålet, men likevel slik at ein søker å oppnå ein eigardel på over 10,1 % slik at ein oppnår full innsynsrett i verksemda. Likevel under ein eigardel på 33,1 % som gjev negativt fleirtal med dertil tilhøyrande rettar. Stad kommune føreset at Stad Molo knyt til seg større aksjonærar som tek eit vesentleg ansvar for å utvikle prosjektet.</p> <p>3. Det er ein føresetnad for utløyasing av punk 1 i vedtaket at det ligg føre ein samla forpliktande finansieringsplan og driftsmodell for å realisere prosjektet. Stad Molo har ikkje mynde til å forplikte Stad kommune, og endeleg konseptskisse som involverer offentleg drift og eigarskap må handsamast og godkjennast av Stad kommunestyre.</p> <p>4. Styret i Stad Molo har eit lovfesta ansvar for å sørge for forsvarleg drift av verksemda. Dette ansvaret femnar også verksemda si risikostyring, som metodisk også bør inkludere tydelege prinsipp for korleis styret skal følgje opp utviklingsarbeidet i Stad Molo. Som ein del av dette, føreset Stad kommune at det blir gjort ei vurdering av kva ressursar og kompetanse som det blir behov for framover, for å få ferdigstilt konseptskisse og planlagt/prosjektert prosjektet. Det er ein føresetnad for utløyasing av punkt 1 i vedtaket at styret kan synleggjere forsvarleg drift, her under tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse for å drive fram og fullføre prosjektet</p>
<p><b>Finansiering av forstudie Berstadvatnet</b></p>	<p><b>KS- 23/032 Vedtak</b></p> <p>Stad kommunestyre løyver kr 1 mill. frå kommunen sitt ubundne investeringsfond for gjennomføring av forstudie for prosjekt Berstad vassverk.</p>
<p><b>Finansiering av slutføring detaljregulering for Stad molo og indre hamn for Leikanger</b></p>	<p><b>KS- 24/009 Vedtak</b></p> <p>Stad kommunestyre ønskjer å finansiere slutføring av detaljregulering for Stad molo og indre hamn for Leikanger på følgjande vilkår:</p> <p>1. Stad kommune lei ar planprosessen vidare og kjem med forslag til naudsynnte endringar av plandokumenta før slutthandsaming våren 2024.</p> <p>2. Det vert sett av inntil kr 500 000,- til slutføring av planprosessen. Midlane vert henta frå kommunen sitt disposisjonsfond.</p>



3. Stad kommunestyre sitt vedtak i sak KS 22/138, om at ein på visse vilkår har ein intensjon om å gå inn med inntil kr 3 mill. i aksjekapital i Stad Molo AS står fast.

**KS - 24/128 Vedtak:** Stad kommunestyre ønskjer å gje ei i tilleggsløyving til arbeidet med detaljregulering av Stad molo og Leikanger indre hamn, for å sikre slutføring av detaljreguleringsplanen. Tilleggsløyvinga blir gjeve på følgjande vilkår:

1. Stad kommune held fram å leie planprosessen og ser til at næringsliv og innbyggjarar på Leikanger blir involvert i planarbeidet.
2. Det vert sett av inntil kr 500 000,- til slutføring av planprosessen. Midlane vert henta frå kommunen sitt disposisjonsfond.
3. Stad kommunestyre sitt vedtak i sak KS 22/138, om at ein på visse vilkår har ein intensjon om å gå inn med inntil kr 3 mill. i aksjekapital i Stad Molo AS står fast.

## 7 Avsluttande kommentar

Kystverket viser på si heimeside til formelle utgreiingar knytt til Stad skipstunnel tilbake til 2000, altså for 23 år sidan. I Stad kommune sitt arkiv finn vi relaterte dokument, prosjekt og planar knytt til Stad skipstunnel lenge før det.

Konsekvensane av at endeleg avgjersle om bygginga av Stad skipstunnel enno ikkje er teken, gir negative ringverknadar for Stad som samfunn, næringsliv og kommune. Då midlane til oppstart av prosjektet kom ved regjeringas budsjettforhandlingar i 2020, starta prosjektet opp for fullt. Som det går fram dokumentet her, så utløyste prosjektet ei rekke samarbeidsprosjekt mellom Stad kommune og Kystverket med dertil løyvingar og administrativ ressursbruk. Som ein administrasjon med avgrensa administrative ressursar har kommunen også måtte setje andre viktige prosjekt på vent.

Budsjettløyvinga i 2020 utløyste også gjennomføring av grunnverv, med den konsekvens at nokre innbyggjarar har flytta frå bygda medan andre som på ulikt vis blir råka av tiltaket gir uttrykk for både utryggleik og frustrasjon. Totalt har Kystverket planar om å kjøpe ut 20 bygningar. For 15 av desse bygningane, er det allereie inngått avtale om overtaking.

Som oversikta ovanfor viser, så har næringslivet i Stad lagt til rette for både mottak av overskotsmassar og vidare forretningsutvikling basert på oppmoding frå Kystverket og etableringa av Stad skipstunnel. Manglande avgjersle om bygging av tunnelen og tilgang på massar hindrar framdrift og tilgang på kapital og investorar for utvikling både for dei offentlege og dei private prosjekta. Usikkerheita i prosjektet hindrar også anna knoppskyting og tilrettelegging for å kunne ta i mot eit større byggeprosjekt i området.

Stad kommune er ikkje berre vertskommune for Stad skipstunnel. Kommunen er også samfunnsutviklar og ein demokratisk arena. Vi vonar at vi gjennom dette dokumentet har fått synleggjort både Kystverket og Stad kommune sitt breie og nødvendige samarbeid, i tillegg til kva konsekvensar usikkerheita rundt prosjektet får for både innbyggjarane og næringsutvikling.